

Fagnettverk for tilsette i SFO 7.november 2025:

Relasjonskompetanse i møte med utfordrande åtferd

Deltakarar: Tilsette i skulefritidsordningane i Sogn, etter eiga påmelding.

Kvar: Quality Hotel Sogndal, «Sogndalssalen»

Tidspunkt: Fredag 7.november kl 9.00-14.30. Registrering frå kl 8.30

Pris: 500 kr pr. pers som vert fakturert kommunane i etterkant. Bindande påmelding.

Det er begrensa med parkering, tenk gjerne samkøyring eller parkering litt lengre unna.

Ingrid Midteide Løkken har i mange år jobba med tema som relasjonskompetanse, kvalitet i relasjonar, sosial og emosjonell kompetanse, utfordrande åtferd og med viktigheita av å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule. Ho har bakgrunn som forskar og føredragshaldar knytt til desse tema, samt frå arbeid som styrar og pedagogisk leiar i barnehage. I tillegg jobbar ho med tema knytt til leing og ulike former for profesjonsutvikling. Ingrid jobbar no ved BI Handelshøyskolen i Oslo og har også ei deltidsstilling ved Læringsmiljøsenteret, UiS.

Tema for dagen er «Relasjonskompetanse i møte med utfordrande åtferd».

- Bevisstheit om eigen veremåte: Din betydning og ditt ansvar
- Kunnskap om barn sine behov: emosjonsregulering og sansestimuli

Det blir veksling mellom føredrag, summe- og diskusjonsoppgåver.

Program:

08.30- 09.00: Registrering, kaffi/te

09.00- 09.10: Velkommen ved leiarane av SFO-leiarnettverket Ann Merete Sviggum, Katrine Wolff Bolseth og Vivian Henjesand Sætre

09.10- 10.00: Fagleg økt del 1

10.00- 10.15: Pause

10.15- 11.20: Fagleg økt del 2

11.20- 12.20: Lunsj (2-rettars)

12.20- 13.10: Fagleg økt del 3

13.10- 13.25: Pause

13.25- 14.05: Fagleg økt del 4

14.05- 14.20: Høgskulen på Vestlandet informerer om vidareutdanningstilbod for tilsette i SFO

14.20- 14.30: Avslutning og evaluering ved arrangørane

Påmeldingsfrist: 23.oktober kl 23. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet.

Velkommen til fagleg påfyll gjennom planleggingsdag i Sognaregionen!

Med helsing

Ingrid Steine Bortne

Programleiar «System for styrka læring», barnehage- og skuleutvikling

Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Tlf 48 25 03 06